



Ein raud fotballhær frå Uskedalen, men dette er berre rundt 30 av dei 45 deltakarane

Uskedal Idrettslag stiller med ein liten hær av unge fotballspelarar under TINE Fotballskule i Rosendal dei 3 fyrste dagane denne veka.

Det var også etteranmeldte slik at talet på uskedelinger kjem heilt opp i 45 av eit totalt tal på 130. Med andre ord: Rundt ein tredel av deltakarane kjem frå vår bygd. Før har rundt 20 vore det vanlege Oppslutnaden no er mildt sagt oppsiktsvekkjande og må skuldast ualminneleg godt rekrutteringsarbeid.



Odd Steinar Arnesen held skuletime i det grøne

Men fotballgruppeteiar Odd Steinar Arnesen, ein av 7 instruktørar frå Uskedalen, var kledeleg beskjeden då uskedalen.no spurte han om grunnen.

- Det er vel at foreldra er flinke til å stå på, var svaret før Odd Steinar gjekk igang med å læra rekruttane riktig føring av ballen. Men som den pedagog han er hadde han på førrehand halde ein liten formaning om kosthald for si gruppe, med eit glimt i auga:

- Hvis ein skal verta god fotballspelar må ein ikkje eta mykje sukker, Gjer ein det, er det fyrste som skjer at tennene fell ut!



- Slik skal ballen førast!

Så gjekk han, saman med Hege Lekva frå Uskedalen, igang med å instruera i ballføring for jentene som var født i 2004. Skulen er for aldersgruppa 2000/2006

Seinare på programmet på denne fyrste dagen stod fruktservering og kampar. I morgon kjem høgdepunktet då dei unge skal møte to av Brannspelarane - keeper Piotr Leciejewski og Kristoffer Barmen.

Dei kjem litt før klokka 11 og vert motteke av ordførar Synnøve Solbakken som vart invitert i føremiddag av primus motor for fotballen i Rosendal, utrettelege Arvid Nes. Han vart forresten i dag gledeleg overraska over kommunen, som allereie klokka 7 var igang med å klyppe fotballbana.

Ellers er han glad for at TINE sponsar tiltaket med ein vesentleg del av utgiftene.

Vi har før trykt lista over deltakarane frå UIL, men desse 3 kjem i tillegg. Mathias Nilsen Børve, Fredrik G. Haugland og Malena Hjelmeland

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen